

## Opningstale

Ole Aastad Bråten

### Årsmøte i Norges museumsforbund

Tysdag 14. april

Godt folk!

For eitt år sidan etterlyste Museumsforbundet statlege bjøllekyr – i KUD og Kulturdirektoratet – til endå større innsats for musea. – Det er tungt å drive utvikling av ein sektor når ikkje alle sit i same båten, sa vi. Der Nasjonalarkivet og Nasjonalbiblioteket har leiarskap som driv fram utvikling på *sine* område – til glede også for musea, manglar musea ei fagleg og utviklingsorientert bjølleku.

Har departementet lytta?

For ein månad sidan kom meldinga frå kulturminister Jaffery om at ho har satt i gang ei utgreiing av verksemdene underlagt departementet, blant anna Kulturdirektoratet. Utgreiinga skal vurdere om enkelte etatar kan slåast saman til det ho kallar «færre, meir effektive og robuste verksemdar». Jaffery legg opp til ein rask prosess.

Museumsforbundet helsar initiativet velkomen. For vi har forventningar til større merksemd rundt våre behov – anten dette handlar om digital infrastruktur eller bygningsvern, eller dei andre oppgåvene som følgjer med Museumsreforma.

Og apropos reforma. Det er 25 år sidan reforma snudde opp ned på heile vår sektor, og stilte nye krav til profesjonell styring, til betre samlingsforvaltning, og til meir og betre forskning. Reforma var nødvendig og vellykka. Likevel opplever mange museum at tilskottet dei får frå staten, i liten grad er knytt til den innsatsen dei gjer for å følgje opp nettopp reforma.

Ei eventuell påplussing på det statlege tilskottet kjem som resultat av politisk sluggervirksomheit, ikkje kvaliteten i det enkelte museums leveranse – eller evne til oppfølging av dei pliktene som følgjer med reforma.

Kva skjer med dei musea som *ikkje* leverer?

Kulturdirektoratet sin ambisjon om å gå vidare med kvalitetsvurderingar av museumssektoren er i så måte bra, og vil kanskje skjerpe forholdet mellom det enkelte museums aktivitet – og tilskott.

For NMF ynskjer seg aktivt samhandlande offentlege organ. Eit direktorat og eit departement som meiner noko om våre museum – og korleis vårt landskap skal sjå ut.

Som følgje av endring i fylkesstruktur melder det seg nokre stader diskusjonar om framtida for dei musea som blir råka av desse endringane. Til dømes for Randsfjordmuseet i dagens Innlandet. Men KUD er ofte fråverande i spørsmål om fortsatt konsolidering, deling eller samanslåing. Som oftast svarar dei at slike prosessar skal vere frivillige og lokalt styrde. Kvifor meiner ikkje KUD noko om dette?

Kva med dei kommunane som ikkje følgjer opp i det offentlege spleiselaget? Der nokre bidreg med ein rimeleg regional andel, sniker andre seg unna. Kvifor følgjer ikkje KUD opp desse kommunane?

I februar hadde vi ein tekst i Dagsavisen der vi peikte på mykje av dette. I «Fire ynskje for musea» tok vi til orde for å endre direktoratstrukturen, gje kommunar som sluntrar unna ein oppstrammar, og styrke rammene for KulturIT slik at dei blir likeverdig samarbeidspart med NB. Vi er glade for at KUD grip fatt i nokre av innspela våre.

Og for at denne opningstalen ikkje berre skal bli ei jammertale, må vi hugse å takke for at staten følgjer opp løns- og prisvekst, investerer i sektoren vår, og for terskelen for dialog er låg.

Og med det håpar vi på eit godt årsmøte og eit friskt ordskifte.